



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 24/2020

Møtedato: 22.6.20


Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

Søknad om å få setja opp gjerde kring Vaset

Stølsbrukarane i nærleiken av Vaset ynskjer å føre opp eit gjerde for å halde beitedyra vekk frå turistområdet på Vaset. I fyrste omgang vil ein føre opp trådgjerde frå Vasetvatnet til start av Bjødnhøvdvegen. Ved å kople det til eksisterande gjerde, vil dette bli ca. 600-700 meter med gjerde. Ved skiløyper og vegar vil det blir laga smale grinder med automatisk lukking. Seinare er det aktuelt å føre opp elektrisk gjerde frå Bjødnhøvdvegen, over skiheistoppen og til Gomostølen. Prosjekt «Stølsvidda» vil støtte tiltaket økonomisk.

Det er ei stor ulempe at beitedyra dreg ned i Vaset sentrum og hyttefeltet på Vaset. Kommunen har ført opp att ferist ved Vaset bru, for å hindre at dyra dreg ned i bygda. Dette har ikkje fungert spesielt godt og det vil bli gjort forsøk på å utbetre dette i år.



Det er Statskog som gir løyve til inngjerding og fjellstret gir uttale før Statskog gjer vedtak. Tiltaket vil ha ein beiteregulerande effekt og det blir normalt ikkje godkjent. Det har vore ferist ved Vasetbrue sidan lang tid tilbake. Det har derfor vore eit beiteregulerande tiltak her og det er berre det arealet som er bygd ned av turisme som går ut ved ei slik regulering. Tiltaket bør likevel leggjast ut til offentleg ettersyn.

Før det blir gjeve løyve til inngjerding må ein ha på plass ei avtale om korleis gjerde skal haldast ved like.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret legg søknaden ut til offentleg ettersyn.

Vedtak:

Fjellstyret legg søknaden ut til offentleg ettersyn.

Vedtaket er samrøystes.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevetdaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 25.6.20

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vaset vekst
Statskog
Vestre Slidre kommune
Beiteland